

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 9

Fylke: Oppland.

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: V.Slidre.

Emne: LAUVING?

Bygdelag: Øyebygde i Røn.

Oppskr. av: G.Kirkevoll,

Gard: Kirkevoll.

(adresse): Jomfrubraatvn.25,
Bekkelagshøgda.

G.nr. 66 og 67 Br.nr. 2 og 3

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

A. Lauv som rispes av trærne. SVAR

1. Ingen har tid til aa lauve lenger. Mange gardar hadde "øspedøtte" (ein liten skog med osp). Um hausten vart lauvet sopt saman paa bakken. Det var aarvisst før paa dei fleste gardar til for 35-40 aar sidan. Det var eit traatt arbeid og daarleg likt av dei yngre. - I Landsrud (gard i Øyebygden) var det mykje lauvsoping. Mannen var ein harddrivar og døtrene maatte vera med, til lauvet var komen ihus. Ein laurdag desse gjentone var paa fest paa "Mjølner skytternus" tok det til aa blaase sterkt. Daa ynskte dei det maatte bli slik vind, at det bles burt kvart eit lauvsblad i Landsrud. Og det var sant, det var eit fille arbeid - serleg der det var bratt og krunglint lende.
2. Beste lauvetidi var i melenn (millom onnene) eller i fyrsten av juli. Det vart halde like godt som høy. Regnar det pinsdagen "kom det makk paa lauvet" (larver paa lauvs skogen som kunne snøye trei). Elles vart det lauva utpaa hausten naar det var tid t.d. millom ~~XX~~ slaatt og skurd og millom skurd og ¹epegravst. Var det sulje so vart den rispa. Det var godt lauv. Bestefar hadde fortalt at i hans tid drog dei i sameiga og lauva. Det var mest i "Murkelin", men det gjekk hardt ut over skogen som nesten gjekk ut. Det er over 100 aar sidan. Det var bjørk og fyrst i den siste tid er skogen komen att.

Lauv vart take av alle lauvtre, men det var mest av bjørk
 (etter eldre flora)
 og osp. Kvitvier *salix glauca* gav serleg godt lauv og vart
 mykje brukt til grisefór som rispa. Graavier *S.lapponum* gav
 også bra lauv til andre krøter, men grisen vilde ikkje ha
 det. Desse viersortene veks mest i fjellstroki, og dei brukte
 mykje aa skjera lauvtoppane av med skjero. Der det var ein
 del smaakjerr i innmarken vart ~~AKKAK~~ siste aars-skotene
 takne med skjero. Det heitte aa "skjera"tullt". Tullten vart
 som oftast ikkje bunde i kjervar, men breidt utover og turka
 som anna høy. Den var god til aa "løga" paa. (lagt til uttrekk
 i store løgbyttø eller løghølka. (Løgbyttøne stod paa 3 føta
 og hadde tapp og ture, løghølkane var utan føter og utan tapp).
 Løgen var god til ^{fjorkalvar} ~~KAKKAK~~ og mjølkedyr. Og lauvet og riset vart
 og ete etterpaa. -- "Lauving" heitte det naar ein hogg av lite
 større lauvkvistar, ($\frac{1}{2}$ til 1 m. lang).

3. Det var lauvkniv som vart brukt til aa lauve med. Nørst
 i Slidre heitte det lauvsnyl - kanskje paavirka fraa Vang.
 Til aa skjera tullt med bruktest skjero. Det var mest suljo
 som vart rispa, men også osp og vier. -- Alt lauv vart rispa
 med handi utan noko til vern paa handi. So mykje vart det ikkje
 rispa.
4. Det vart ofte hogge ned trær og lauva etterpaa, men
 det var dei som hadde meir skog aa ta av. Elles var det vanleg
 aa "kølle" einslege bjørketrær som stod burtover steinrøyser
 og i utkanter eller bekker o.l. -- Desse trærne kunne være
 eit par mannshøgder eller meir, naar dei vart kølla fyrste
 gongen. Ein kom att med nokre aars millomrom. Kølle "kølle",
 var det vanlege namn, paa dette arbeide. -- Eit suljotre som
 vart kølla heitte "suljokall", men bjørkekall trur eg ikkje
 eg har høyr. Suljokalla vart rispa naar dei ikkje vart kølla.
 Som vanleg vart det take vare paa slike tre, og hadde sitt
 verd. Men dei var so høge at dei trong ingen inngjerding.
5. Lauvet vart rispa i store rispeteiner og turka paa bakken
 eller lagt ut over hjeller i lødø. Det som vart lauva vart

sett paa "stag" (seta paa stag= seta kjervane inn paa dei avhaagne stakane til turk). I godt turkever kunne det greie seg med ei veke. Daa vart lauvkjervane sett i lauvstakkar, eller kjørt inn i lødør um det var plass. Luvstakkane vart lagt innunder større tre som slo mest mogeleg regnet av seg. Toppene paa kjervane snudde inn til midten. Og paa toppen tekte ein med lauvkvistar med heller og torv opp paa. Var ikkje noko bestemt tal av kjervar i lauvstakkane. Har ikkje høyrte um surlauv.

6. Lauvet vart kjørt heim paa fyrste snødottene. Lauvdugnad har eg ikkje høyrte om.
7. Lauv vart fyrst og fremst take inn innmarka, men også lenger burte. Vart tre hogge ned gjorde karane det. Og kvinnone hoggde av kvistar og la i kjerv.
- 10a. Almelaav var sikkert av det beste lauvet, men i Valres finnst nesten ikkje alm. Til grisen vart rispa sufelaav, og kvitvier, men og ein del bjørkelaav der ein ikkje hadde noko anna.
8. Lauvkjervene vart lagt paa gjeller ~~XØ~~ litt luftig, helst naar de ikkje er turre. Kunne også leggjast ovanpaa høyet. Mest var det smaakrøtere som fekk lauvkjervar. Dei var flinkast til aa plukke av lauvet. Mykje ~~XØ~~ vart brukt til aa laga log av til kyr og ~~KØXØXØ~~ fjorkalvar.
9. Sulje og kvitvierlauv vart rekna for det beste lauv.
- 11.12. Ukjent.
13. Der tre maatte felles var det karane som gjorde det, medan kvinnone hakka av lauvet, la i kjerver og bandt.
14. Det var bjørk som mest vart kølla, der etter sulje.
15. Ukjent.
- B. Lauv som blir raka saman paa bakken.
1. Det vart kalla baade sopelaav og rakalaav, men mest det fyrste.
2. Ospelaav var det som mest vart sopt og raka saman.
3. Lauv var best og sope med tvogor laga av snerved (turre grankvisttopper som hadde mistet naalene og var passeleg stive) Var det bra lende kunne det også rakes med rive.

* Snervedvogo med e-lyd.

4. Sopelauvet vart kjørt heim i sekker og rispoteiner.
5. Det var mest kvinner og born som sopte saman lauvet i hauger, medan karane stappa i sekker.
6. Var ingen bestemt hus til lauvet. Me hadde det paa eit loft over sauhuset.
7. lauvet vart ofte blanda med agner til syrp. Kunne og bli blanda i hestemøk. Det vart brukt til ungfø og gjelddyr. Sau og geit likte ^{det} og bra, dei fekk det som det var.
8. Ospelauvet var vel det beste, men det maatte vera gult og fint, daa tok dyre det gjerne. Kom det regn paa det so det vart graatt eller svart var det ikkje rare greiene.
9. Sopelauvet vart brukt aarleg og var ikkje akurat naudfór. Men ingen trudde det var serleg næring i det lauvet, det var vel aa sjaa som vombfyll. -Under siste verdskrig var t det sikkert lite eller ingen ting brukt av det. Det var ikkje hjelp til slikt arbeid. - Det er vel umlag 30 aar sidan det er brukt, tenkjer eg.

April 1951

6256